


Korleis etterlever helsepersonell **opplysningsplikta** til barnevernet?

Tieiplikta for helsepersonell er ein av berebjelkane i helsevesenet, og ho er nødvendig for tilliten til tenestene og til personellet. Men somme gonger må tieiplikta vike, og helsepersonellet har plikt til å gi opplysningar til barneverntenesta. Opplysningsplikta gjeld når det er grunn til å tru at barn og unge lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira. Plikta går fram av helsepersonellova § 33. Denne lovregelen viser til barnevernlova, som nærare gjer greie for kva situasjonar det kan dreie seg om. Opplysningsplikta gjeld ikkje berre barnet sjølv, men også dersom foreldra har sjukdom, eller dersom det er andre omstende som gjer at omsorgsevna deira ikkje strekkjer til.

Helsetilsynet i Oppland kartla i 2011 talet på meldingar til barneverntenes- tene i kommunane i åra 2008–2010 frå ulike helsepersonellgrupper, og dessutan frå legevakter og Sjukehuset Innlandet. Kommunane sluttar godt opp om undersøkinga, berre to kommunar lét vere å svare. Tabellen under viser talet på meldingar til dei ulike kommunane og prosentdelen av alle meldingar til barnevernet som kjem frå helsetenesta.

Det finst ingen fasit eller standard for kor stort tal uromeldingar til barnevernet det bør vere frå helsepersonell eller helseinstitusjonar. Helsetilsynet i Oppland venta også at det skulle vere store forskjellar mellom kommunane, fordi den faktiske situasjonen i kommunane er ulik, og fordi det er store forskjellar i folketal og befolkningssamsetning. Kartlegginga avdekte likevel betydeleg større forskjellar i talet på meldingar enn det

Meldingar til barnevernet som kjem frå helsetenesta i prosent av alle meldingar



Tala i parentes er talet på meldingar til barnevernet totalt.



Helsetilsynet i Oppland hadde venta, og ein går ut ifrå at desse forskjellane speglar av svært store ulikskapar i praksisen til helsepersonell når det gjeld opplysningsplikta til barnevernet. Det er sett omfattande vilkår for opplysningsplikta, og Helsetilsynet i Oppland reknar med at desse vilkåra blir vurderte svært ulikt.

Kommunane og sjukehuset kjem til å bli orienterte om resultata av kartlegginga, slik at kommunane sjølve kan vurdere om dei viser eit korrekt bilet av tilhøva. Helsetilsynet i Oppland er særleg uroa for kommunar med ingen eller svært få meldingar, og går ut ifrå at det er ei underrapportering til barneverntenesta der. I 2012 vil Fylkesmannen i Oppland ha mange aktivitetar om temaet «opplysningsplikt til barnevernet».